



Sogndal vgs. Vestland fylkeskommune

Open dag

ved Sogndal vidaregåande skule

Sogndal vidaregåande skule vil frå neste skuleår tilby utdanningsprogramma bygg- og anleggsteknikk, elektro, helse- og oppvekst, idrett, restaurant- og matfag, service og samferdsel, studiespesialisering og teknikk- og industrifag. I tillegg tilbyr skulen landsline innanfor yrkessjåførfaget og kombinasjonsklassar for minoritetsspråklege.

Me inviterer til open dag **torsdag 24. november mellom klokka 17 og 20.**

Program:

- Felles informasjon om dei ulike utdanningsprogramma i Trollsalen (auditoriet ved inngangen) med følgjande elevinndeling:
 - kl.17.15: Leikanger, Sogndal, Kaupanger, Hafslø
 - kl. 18.30: Aurland, Lærdal, Luster, Vik og andre
- Presentasjon av dei ulike tilboda på skulen og møte med lærarar og elevar på dei ulike utdanningsprogramma, og opplæringskontora for dei ulike faga
- Omvising på dei ulike avdelingane og verkstadane

Målgruppa er særleg elevar i 10.klasse i regionen – med foreldre – men alle som vil sjå skulen og få informasjon om skuletilbodet er velkomne.

Vel møtt!

rektor